

Årsmelding og rekneskap 2014

9. mars 2015

Levande lokalkultur

13. november vart Noregs Ungdomslag nemnd og sitert frå Stortinget sin talarstol. Talar var Anne Tingelstad Wøien frå Senterpartiet og saka var Stortinget si handsaming av betre rammevilkår for organisasjonseigde kulturbygg.

Sjølve forslaget vart nedstemd, noko som fører til at UL Idun, UL Fram, Mjeldalen UL og mange, mange fleire lag må betale monalege summar i moms for sine store påbygg og nybygg. At saka no blir diskutert i Stortinget sine korridorar, vil forhåpentlegvis føre til endringar på sikt.

Styreleiar og generalsekretær sat på galleriet i Stortinget når saka vart debattert. Uførebudd vart me trekt fram som eit døme på det urettvise i ordninga. Det me då sat att med var ei stor kjensle av anerkjenning. Anerkjenning for det arbeidet alle ungdomslaga gjer i bygdene rundt om. Anerkjenning for at det arbeidet me gjer er så viktig at våre fremste folkevalde diskuterer ei sak som i hovudsak vedkjem oss.

Men denne anerkjenninga er også viktig for alle ledd av organisasjonen. Det at ordføraren ser arbeidet vårt, kjem på premieren i teatergruppa eller nemner oss i politiske diskusjonar er viktig. Like viktig er anerkjenninga av arbeidet internt i lokallaga. Det å sjå alle funksjonane i laget i ein samanheng.

2014 har gjeve oss nokre utfordringar. I regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2015, var vaksenopplæringsmidlane kutta med 20%, eller 40 millionar kroner. Dette ville direkte ført til mindre stønad til dei tusenvis av kursa som blir arrangert i ungdomslaga. Kuttet vart reversert av Stortinget, og det var mykje takka ei mobilisering frå feltet som knapt har vore sett tidlegare. Mange av våre lag snakka med politikarar, hadde utspel i lokalavisene og gav enkelt-døme på korleis eit kutt frå regjeringa ville ramme det lokale frivillige arbeidet. Tusen takk for det!

For NU er det viktig med sterke samarbeidsstrukturar, spesielt i det interessepolitiske. Vårt gode samarbeid i Studieforbundet kultur og tradisjon, Rådet for folkemusikk og folkedans, Nynorsk forum, Nynorsk kultursentrum og Norsk teaterråd har gjeve musklar og gjennomslag for arbeidet vårt over lang tid.

Norsk teaterråd kom i 2014 i ein svært alvorleg økonomisk situasjon. Kulturdepartementet stoppa overføringane, og stønadsordningane teaterrådet forvalta blei overført andre organisasjonar og institusjonar. Noregs Ungdomslag var ein av dei fem største medlemsorganisasjonane i Norsk teaterråd, og etter at dei fire andre organisasjonane meldte seg ut av teaterrådet i januar 2015, vedtok styret i NU å gjere det same. Styret har likevel både von og tru om at ein på sikt vil ha eit sterkt og samlande amatørteaterfellesskap, som arbeider for betre kår for det lokale amatørteateret

Styret vil oppsummere 2014 i to ord, *levande lokalkultur*. Det er visjonen landsmøtet vedtok i fjor. Det er det vårt arbeid handlar om. Å medverke til levande bygder og miljø med deltakande kultur kvar einaste dag.

Lukke til med lagsarbeidet i 2015!

Endre Kleiveland

Morten Nilsen

Håvard Ims

Marit N. Krogsæter

Rita S. Strandbakke

Marie Nicolaisen

Ingeborg Bringslid, 1. vara

1 Arbeid i perioden

Landsmøtet i 2014 vedtok ein langtidsplan for perioden 2014-2018 med fem overordna strategiar, og ein nærare omtale av utfordringane knytt til desse strategiane. I tillegg vedtok landsmøtet ein arbeidsplan med mål for perioden 2014-2016. Tidlegare har arbeidsplanen gått over to kalenderår, men gjennom desse vedtaka vart planperioden april 2014-desember 2016. I denne første delen av årsmeldinga rapporterer styret på kva tiltak som er gjennomført for å nærme oss måla i arbeidsplanen.

Langtidsplanen sitt overordna mål: Sikre Noregs Ungdomslag sin posisjon som ein organisasjon for lokalkultur og levande lokalmiljø.

Langtidsplanstrategi 1: Styrke den lokale aktiviteten

Noregs Ungdomslag er tufta på lokal aktivitet. Ei styrking av denne aktiviteten vil styrke Noregs Ungdomslag som organisasjon. Ein kvar organisasjon i utvikling må ha ei målsetjing om auke eller vekst for å vere levekraftig.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2014
Innføre ei desentralisert instruktør opplæring innanfor teater og dans, slik at laga kan få fleire og meir skolerte instruktørar.	Det var planlagt eit eige modulkurs for dei deltakarane som berre hadde gått ein modul i den gamle kursrekka for teater/dans, slik at dei skulle få slutført rekka. Det meldte seg dessverre ikkje nok personar til at desse kursa kunne gjennomførast. Arbeidet med å få på plass ein samarbeidsmodell med fylkeslaga for gjennomføring av instruktørkurs, med oppstart i 2015, er starta, men ikkje slutført. Modellen vil innehalde ein konkret kurskatalog.
NU skal ha satt i gang regionale husutviklingsprosjekt i fire nye fylke	Huset i Bygda Hordaland starta opp i januar. Hordaland Ungdomslag er prosjekteigar, men NU sentralt er ein aktør i prosjektet, ved at arbeidsgjevaransvaret er lagt til NU. I tillegg har styreleiar vore representert i styringsgruppa for prosjektet. NU har hausten 2014 arbeidd med å kartlegge moglege fylke for nye Huset i Bygda-prosjekt, slik at det kan sendast søknader til to ulike fylke i første del av 2015.
NU skal ha eit auka servicetilbod overfor lag som driv eigne hus.	Det er gjennomført ei kartlegging frå huseigarlaga, om kva servicetilbod dei kan tenke seg frå sentralleddet. Svara frå huseigarlaga vil bli systematisert, og bli lagt til grunn for eventuell framtidig utviding av tenestene frå sentralleddet. Eit eige husseminar vart arrangert i Oslo 24. og 25. oktober.
Nasjonale prosjekt skal synleggjere og styrke den lokale aktiviteten.	Det har vore arbeidd med å førebu ei satsing på ungdomshusa som scener for turneverksemd. Søknader om finansiering blir sendt i starten av 2015.

Langtidsplanstrategi 2:

Styrke nettverket mellom ungdomslaga på lokalt, regionalt, nasjonalt og nordisk nivå.

Ungdomslaga sitt arbeid tek utgangspunkt i det lokale særpreget for sitt miljø og sine behov. Det vil vere viktig for organisasjonsbygginga at laga opplever eit fellesskap på tvers av geografiske og faglege linjer. Fylkeslaga må ha ei viktigare rolle i dette arbeidet.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2014
Halvparten av lokallaga skal ha fått besøk frå sentralleddet og fylkeslaget, med ein langsiktig strategi for besøk av alle laga innanfor langtidsplanperioden.	Det er gjennomført lokallagsbesøk i Møre og Romsdal, Telemark, Oppland og Hedmark. Tilsaman 25 møter med 196 representantar frå 67 lokallag. Dette fordeler seg slik: Møre og Romsdal: 14 møter, med til saman 118 representantar frå 39 lag. 23 lag er førebels ikkje nådd. Telemark: 5 møter med til saman 39 representantar frå 12 lokallag. 3 lag er førebels ikkje nådd. Oppland: 3 møter med til saman 24 representantar frå 10 lokallag. 3 lag er førebels ikkje nådd. Hedmark: 3 møter med til saman 15 representantar frå 6 lokallag. 1 lag samt laga i Østerdal står att.
Avklare rolla til fylkeslag som ikkje fungerer optimalt ut frå lokallaga sine behov	NU har følgd samanslåingsprosessen i Møre og Romsdal, der Nordmøre Ungdomslag og Romsdal Ungdomssamlag vil slå seg saman til eitt fylkeslag. Fylkeslagssamanslåing har også vore tema på lokallagsmøta i Oppland Ungdomslag og Valdres Ungdomslag, men utan at det har ført til konkrete planar om samanslåing.
Sommarleiren, folkedansfestivalen, amatørteaterfestivalen og Nordlek skal vere naturlege arenaer for fleire lokallag, med utgangspunkt i strategien for sentrale tilskipingar.	Styret har sett ned eit eige utval som arbeider strategisk med utviklinga av sommarleiren, slik at ein kan nå eit mål om 300 deltakarar i 2017. Folkedansfestivalen vart gjennomført med ei ny organisering, der NU sentralt tok eit meir heilskapleg ansvar for programmering og gjennomføring av festivalen enn tidlegare. Amatørteaterfestivalen har også vorte gjennomført som planlagt. Erfaringane med Folkedansfestivalen og Amatørteaterfestivalen viser derimot at det er vanskeleg å nå eit mål om at dette skal vere naturlege arenaer for fleire lokallag. Styret viser i denne samanheng til eigne saker om dette på landsmøtet 2015. Styret har og arbeidd med den nasjonale organiseringa av Nordlek-arbeidet, og har vore i dialog med det nasjonale Nordlek-utvalet om eit tydelegare mandat for arbeidet, slik at NU kan ha ei meir strategisk tilnærming til dette arbeidet.

Langtidsplanstrategi 3:

Auke opplæringsaktiviteten

Vaksenopplæringsforbundet har satt eit mål om at tal deltakarar på kurs skal doblast i perioden 2012-2017. Dette må NU følgje opp med klare målsetjingar for opplæringsarbeidet på alle plan i organisasjonen. Styrka opplæring vil føre til auka aktivitet og ein meir levande lokalkultur.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2014
Støtteordningane innanfor opplæring skal vere betre kjent i lokallaga	Det vert jamleg orientert om støtteordningane, både i direkte møte med lokallaga og gjennom informasjonskanalane våre, men det har ikkje vore gjennomført konkrete, målbare tiltak for å gjere desse betre kjent. I forslaget til statsbudsjett for 2015 gjorde regjeringa framlegg om eit vesentleg kutt i posten til vaksenopplæring. Dette medførte ein storstilt grasrotaksjon, der fleire lokal- og fylkeslag både i NU og dei andre organisasjonane protesterte mot forslaget. I budsjettforliket blei kutta reversert.
Utvikle gjesteinstruktørordninga i NU, slik at fleire lag kan nytte godt av ordninga.	Gjesteinstruktørordninga i teater er populær, og vi tilbyr ordninga også innanfor folkedans og organisasjon. Gjesteinstruktørordninga er eit satsingsfelt for styret, og vil bli utvikla vidare i samband med den pågåande revisjonen av instruktør opplæringa i organisasjonen.
NU skal ha eit etablert opplæringstilbod for barneinstruktørar	Det har ikkje vore arbeid konkret med dette punktet i 2014.
Sikre at det finst gode vidareutdanningar for instruktørar	Styret har sett ned eigne utval som skal utarbeide nye instruktørmodellar for teater og folkedans, som kan gjennomførast i samarbeid med fylkeslaga. Det er eit mål at instruktørmodellane skal rette seg både mot nye instruktørar og etablerte instruktørar som treng fagleg påfyll og vidareutvikling.

Langtidsplanstrategi 4:

Styrke demokratiarenaene

Oppslutnaden kring dei formelle demokratiarenaene i ungdomslaga er svak. Dårlig oppmøte på årsmøta på fylkes- og sentralplan medfører at vedtak som blir fatta ikkje er representative, og vi vil i realiteten få ein organisasjon som er styrt av få.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2014
Landsmøtet skal få auka oppslutnad frå lokallaga	På bakgrunn av tilbakemeldingar frå utsendingane til landsmøtet i 2014, har styret lagt opp til ei noko anna gjennomføring i 2015. Programmet startar fredag, som tidlegare, men no ved seminar med frivillig deltaking fredag ettermiddag og laurdags føremiddag. Styret prøver å utvikle landsmøtet frå år til år, slik at dette kan bygge seg gradvis større.
Landsrådet skal utviklast som ein møtearena for fylkeslaga og sentralleddet	Landsrådsmøtet vart gjennomført i Steinkjer, 7.-9. november. Deltakinga på møtet er relativt stabil, men styret ønskjer at alle fylkeslaga deltek, slik landsmøtet har pålagt fylkeslaga. Styret prøvde i 2014 i større grad enn tidlegare å involvere fylkeslaga i dei politiske og organisatoriske prosessane, og vurderet dette som vellukka. Styret har klare strategiar for å utvikle denne møtestaden vidare, slik at den blir oppfatta som viktig for fylkeslaga.
Alle fylkeslag skal gjennomføre årsmøte kvart år, med auka oppslutnad frå lokallaga.	Dette er ei utfordring som styret arbeider jamt med. Håpet er at besøksrunden også skal medføre auka kontakt mellom lokallaga og fylkeslaga, slik at lokallaga i større grad sluttar opp om og tek ansvar for sine fylkeslag, der dei ikkje fungerer.

Langtidsplanstrategi 5:

Sikre ungdomslaga som formidlarar av immateriell kulturarv

Ungdomslaga har ei viktig oppgåve i å formidle og utvikle den immaterielle kulturarven i landet. Tradisjonane spesielt innanfor folkedans og amatørteaterarbeid er lange i ungdomslaga, og det må vere ei nasjonal bevisstheit rundt forvaltninga av denne kulturarven.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2014
NU skal vere ein tydeleg interessepolitisk aktør i samarbeidsorgan og overfor styresmaktene, for å fremje ungdomslaga sin kulturfaglege posisjon.	NU har delteke aktivt i dei ulike paraplyorganisasjonane vi er medlem i, og har delteke på høyringar på Stortinget i ulike saker.
NU skal vere den leiande folkedansorganisasjonen i Noreg.	I 2014 har det folkedansfaglege arbeidet i hovudsak retta seg mot planlegging og gjennomføring av folkedansfestivalen, og med oppstart av arbeidet med ny instruktørmødel på folkedans. I tillegg er prosjektet "Sans for dans" gjennomført, som eit filmprosjekt for å vise fram nyskaping innanfor folkedans.
Amatørteatret i NU skal framstå som ein arena for lokal sjølvkjensle, ytringsfridom og mangfald.	I 2014 har det teaterfaglege arbeidet i hovudsak retta seg mot planlegging og gjennomføring av amatørteaterfestivalen. NU fekk og tildelt midlar frå Norsk teaterråd til å starte opp prosjektet "Alle kan," eit teaterprosjekt som var meint å involvere lokallaga i stor grad. Grunna den vanskelege økonomiske situasjonen i Norsk teaterråd vart ikkje prosjektet starta opp, då ein var usikker på om ein ville få løyst ut alle midlane.
NU skal ha eit etablerte og velfungerande samarbeid med andre aktørar som arbeider med bunadsspørsmål, for å tilby gode opplærings- og møtearenaer.	NU har delteke i eit fagleg samarbeid med Studieforbundet kultur og tradisjon og Norges Husflidslag om oppstart av ny modulrekke i bunadsopplæringa. NU er representert i styringsgruppa for opplæringa. I samarbeid med Studieforbundet kultur og tradisjon, Norges Husflidslag, Norsk folkedrakforum og Institutt for bunad og folkedrakt vart det gjennomført fagdagar for Bunad i august.

2 Sentrale tilskipingar

Norsk amatørteaterfestival

Norsk amatørteaterfestival blir i utgangspunktet arrangert kvart andre år, i samarbeid med Det Norske Teatret. Sidan teatret markerte sitt 100-årsjubileum i 2013, vart festivalen utsett til 2014 grunna manglande kapasitet ved teatret.

Norsk amatørteaterfestival vart arrangert 11.-14. juni på Det Norske Teatret, og i Teatersalen til BUL i Oslo. Det deltok i alt 120 på festivalen, som samla 314 tilskodarar på totalt 7 framсыningar. Ein hadde tre som arbeidde frivillig under festivalen, i tillegg til festivalkomiteen.

Deltakarar og framсыningar

Det var totalt 6 deltakarlag på festivalen. Rissa UL frå Sør-Trøndelag og Vestvågøy Teaterlag/UL Ørnen frå Nordland deltok på festivalen for første gong. I tillegg deltok Te-Nord, Teaterlaget i BUL Oslo, Den Mangfaldige Scenen og kWh (Oslo teatersenter)- alle frå Oslo.

Det var totalt 7 framсыningar på Scene 3 på Det Norske Teatret, derav 1 fellesrevy der skodespelarane i revyen var henta frå dei andre deltakarlag. I tillegg var det kurs i monologarbeid, revyskriving, revyarbeid, sminke og impro. Laurdag var det også monologkonkurransen, avslutningsmiddag, utdeling av Huldaprisen og kåring av vinnaren av monologkonkurransen. Det vart selt eitt festivalpass, to kursbilletter og 314 framсыningsbilletter, derav 128 fribilletter på festivalen., og festivalen gjekk med eit økonomisk underskot på i underkant av kr 200.000.

Huldapris og monologkonkurransen

Huldaprisen gjekk til skodespelar Ragnhild Hilt på Det Norske Teatret, på bakgrunn av hennar mangeårige samarbeide med amatørteaterfestivalen, og generelt hennar innsats for amatørteaterørsla.

Vinnaren av monologkonkurransen var Heidi Svendsen frå Vestvågøy teaterlag/UL Ørnen.

Organisering

Festivalkomiteen var samansett av Marie Nicolaisen frå styret og teaterlaget i BUL Oslo, Monica Goksøyr frå Teaterlaget i BUL Oslo, Elisabeth Møna frå BLS/Te-Nord samt Åshild Mjelde Nordås frå administrasjonen.

Festivalkomiteen hadde hovudansvar for planlegging, programmering og gjennomføring av festivalen. Administrasjonen hadde hovudansvar for budsjett og informasjon internt og eksternt samt billettsal og bemanning av festivalkontoret. Teaterlaget i BUL Oslo hadde hovudansvar for avslutningsmiddagen. Det Norske Teatret var teknisk arrangør og hadde såleis hovudansvar for det scenetekniske, bemanning på teatret, lyd/lysansvar, og sal av billetter til framсыningane.

Utgangspunkt for organiseringa av festivalen

Komiteen byrja med ei grundig evaluering og gjennomgang av tidlegare festivalar, og diskuterte kva både NU og komiteen ville med festivalen. Det vart spesielt trekt fram fire målområde:

- Ein må rekruttere fleire deltakarlag
- Ein må få auka deltaking på festivalen, spesielt på kursa.
- Laga som deltek må få betre kontakt med kvarandre
- Ein må sikre ekstern finansiering til festivalen.

Evaluering

Påmeldingsfristen vart utsett to gonger, kombinert med målretta reklame mot einskildlag, men det var likevel berre Teaterlaget i BUL Oslo, og Te-Nord som meldte seg på. Ein arbeidde vidare med rekrutteringa, og klarte å få på plass tre lag til. Dette gjorde at festivalen vart gjennomført, men den vart korta ned med ein dag.

Sett i forhold til målområda, fekk ein med to nye lag på festivalen, publikumsoppslutninga på framсыningane auka noko, og festivalen vart meir sosial. Nyvinninga Fellesrevy var vellukka med tanke på å auke koplinga mellom laga og styrke nettverket. Deltakarlag gav tilbakemelding om ei

fantastisk tid, nye vener og kjenningar samt gode kurs som inspirerte til vidare arbeid lokalt. Slik sett var festivalen vellukka for deltakarane.

Styret meiner likevel tilbodet når ut til få lag og medlemmer, sett opp mot kor mykje ressursar som blir lagt ned for å planlegge og gjennomføre festivalen.

Diverre var det fleire ting som skjedde som gjorde at festivalen til slutt gjekk med eit stort underskot. Ein ting var at det kom lite kursdeltakarar og publikum, men i tillegg svikta dei eksterne tilskota. Situasjonen i Norsk teaterråd, som er omtala på andre stader i årsmeldinga, gjorde at NU ikkje fekk festivaltilskot, som tidlegare. I tillegg viste deg seg vanskeleg å få prosjekttilskot frå andre tilskotsgevarar.

Styret må konstatere at det er svært få som har interesse av å delta på festivalen, og med tanke på at kostnadene med festivalen er store, både personalmessig og økonomisk, er styret si vurdering at det ikkje kan forsvarast lengre å gjennomføre festivalen. Dette er bakgrunnen for at styret har valt å løfte dette spørsmålet opp for landsmøtet 2015.

Sommarleiren

Sommarleiren er ein møtestad for ungdomar mellom 14 og 26 år. I 2014 vart leiren gjennomført i periode 30.juni til 4.juli på Møre Folkehøgskule i Ørsta. Leiren var lagt til dagane før Folkedansfestivalen.

Organisering

Leiren inneheldt 26 ulike tretimarskurs i teater, dans, spel song og design samt ulike fritidsaktivitetar. Sindre Vaskinn Hunn frå Barne- og Ungdomsrådet var leirsjef, og under leiren hadde han god støtte frå resten av det då avvikla rådet, samt fleire ”poteter”.

Styret fastsette budsjettrammer, tid og stad for leiren. NU-kontoret programmerte kursa på leiren, i samråd med Barne- og ungdomsrådet. Den tekniske tilrettelegginga var i all hovudsak gjort av Møre Folkehøgskule og internatet der, i samarbeide med leirsjefen. Dei fysiske rammene kring leiren fungerte svært fint.

Siste dagen var det som vanleg turdag, og denne gongen var utflukta lagt til Ivar Aasen-tunet. Det var blanda tilbakemelding på turen, men mange innrømte også at dei var trøytte etter ein lang og innhaldsrik sommarleir med lite søvn.

Deltakarar

Det var i alt 54 betalande deltakarar på leiren, i tillegg til poteter og leirleining. Fleire av deltakarane deltok for første gong, og nokre få var frå nærområdet. Med tanke på den høge barne- og ungdomsaktiviteten som er i Møre og Romsdal, og kanskje spesielt nærområda til leiren, var det likevel dårleg deltaking. Dei fleste deltakrane var under 20 år, med ei lita gruppe av ”faste” deltakarar i tillegg. Mange av dei eldste fungerte også som poteter. Når det gjeld rekruttering er mange rekruttert av venar, men også ein del frå lokallag. Leiren har eit stort potensiale, noko mange også påpeika i evalueringa. Det var berre ein som var direkte rekruttert gjennom facebook, men sannsynlegvis vart mange inspirert til å delta etter facebookposter og bilete.

Økonomi

Økonomisk sett er også sommarleiren ei utfordring, då deltakaravgifta i seg sjølv ikkje er nok til å dekke kostnadane. Mykje av grunnkostnadane er dei same uavhengig av deltakartal, så lav deltaking betyr også eit stramare budsjett. Leiren er avhengig av eksterne tilskot for å gå rundt. Dette er ei utfordring sidan dette er eit fast arrangement og ikkje eit einskildprosjekt som kan få prosjekttilskot.

Evaluering

Ut frå tilbakemeldingane har deltakarane storkost seg på leiren. Deltakarane var nøgde med det faglege innhaldet på kursa og treivst med kortkursmodellen. Deltakarane var positive til at ein hadde ”heimkoselege” sofaområder som fellesareal, i staden for klasserom/kantine. Også kursmessig eigna areala på folkehøgskulen seg godt.

Sommarleiren har stort potensiale, vi må berre nå ut til fleire. Konseptet er bra, og deltakarane som først kjem på leiren, kjem att år etter år.

Folkedansfestivalen

Folkedansfestivalen vart i 2014 arrangert 3.-6. juli i Ørsta i samarbeid med Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag. Nytt av året var at NU sentralt hadde ansvar for å programmere festivalen, medan lokal tilskipar gjekk inn som teknisk arrangør. Meininga var at dette skulle letta arbeidet til begge partar og sørge for ei tydelegare arbeidsfordeling mellom sentral og lokal arrangør. Sjølv om det vart gjort mykje bra arbeid, så viser det seg at det lokale og regionale engasjementet ikkje var tilstrekkeleg nok tilstade.

NU fekk gode tilbakemeldingar på kvaliteten på programmet og trass i låge besøkstal var det god stemning på festivalen, mykje takka vera at dei fleste arrangementa var lagt til små og intime lokale. Det var lagt opp til eit mindre intensivt program med færre programpostar, med tilsaman 13 arrangement. Av desse arrangementa var det tre kurs, framsyning med ungdomsprosjektet ”Dans og demokrati”, barneframsyning, barneleikfest, leikfest, middagsdans, tre konsertar og to festivalkvelder med mykje bra dansespel.

Slik det framkjem av rekneskapan så vart det ein svikt i billettinntekter og publikum. Det vart til saman seld 22 festivalpass, 15 dagspass og 115 enkeltbilletter.

Det ser ut til at det var få ungdomslagsfolk som tok turen, og at få personar frå nærområdet besøkte festivalen. Grunnane til dette kan vere mange. Lokalt/regionalt hadde det nettopp vore dei Nynorske festspela i Ørsta, og same helga som Folkedansfestivalen var det fleire andre festivalar i regionen, mellom anna Førde internasjonale folkemusikkfestival. At det er svikt i billettinntekter kan også tilskrivast det faktumet at festivalen flyttar rundt og at datoane endrar seg frå år til år. Festivalen var tiltenkt å gå i null, men gjekk med eit underskot på rundt 50.000 kroner.

Noregs Ungdomslag rettar ein takk til Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag for samarbeidet.

Kven Veit? og Junior Kven Veit?

Kven Veit? er ei landsomfattande kunnskapstevling for alle over 14 år. Det vert også skipa til Junior Kven Veit? der målgruppa er personar under 14 år.

I samband med Grunnlovsjubileet i 2014 var temaet for tevlinga demokrati.

I 2014 vart administrasjon av tevlinga set ut til kontoret til Huset i Bygda Sogn og Fjordane. Det var gjort ei evaluering av samarbeidet, noko som vil gje grunnlag for gjennomføring av tevlinga i 2015.

Det deltok 55 lag frå 28 medlemslag, i seniorklassa. I juniorklassa deltok 14 grupper frå fire medlemslag og ein skule. Vinnar i seniorklassen var UL Freidig og vinnar av juniorklassen var Tårstad leikaring.

Instruktøropplæringa

I tråd med målsetjingane i langtidspanen om å auke opplæringsaktiviteten, vedtok landsmøtet i 2014 at ein instruktørmodellen skal reviderast. Målet har vore at ein i løpet av 2015 skal kunna tilby instruktørkurs i samarbeid med fylkeslaga og at ein kan bruka gjesteinstruktørordninga til dette.

I 2014 sendte ein ut e-postar til tidlegare deltakarar på modulkursa der desse fekk tilbodet om å ta kurset dei mangla i modulopplæringa. Ein fekk ikkje svar frå nokon på teater, medan ein på folkedans fekk for få tilbakemeldingar på kvar av modulane til å få gjennomført kursa. Ein kom heller fram til ei løysing der ein i januar 2015 arrangerte instruktørkurs i samarbeid med SAFFA på Sørmarka der deltakarar frå modulkursa fekk tilbod om å delta.

I arbeidet med den nye instruktøropplæringa som skal trå i kraft i 2015 vart det sett ned eit utval på dans. Dette utvalet var samansett av Mette Vårdal frå Studieforbundet kultur og tradisjon, Anette Figenschou frå BUL Bodø og Halldis Folkedal, rådgjevar på kontoret. Utvalet har i 2014 hatt eit møte og la etter dette møtet fram nye planar for den desentraliserte instruktøropplæringa. Desse planane vart drøfta på landsrådsmøtet i november og vert arbeidd vidare med i 2015. Arbeidet med instruktøropplæringa på teater kom ikkje i gang i 2014, men vert starta opp i 2015.

Barnlek 2014

Som ein del av Nordlek-samarbeidet, blir Barnlek arrangert kvart tredje år. Barnlek er eit nordisk stemne for barn opptil 16 år. Her kjem hundrevis av dansarar frå alle dei nordiske landa. I 2014 vart Barnlek arrangert i Mosfellbær rett utanfor Reykjavik på Island i perioden 9.-12. juli 2014.

Frå Noreg var det 136 deltakarar frå 7 lag.

Nasjonale prosjekt

I 2014 har det vore gjennomført to nasjonale prosjekt, finanisert av eksterne tilskot..

Sans for dans

Sans for dans vart gjennomført i 2013-2014 som eit talentprosjekt innanfor folkedans og folkemusikk. Har du nokon gong tenkt over at Supermario kan finnast i ein folkedansversjon eller at jogging kan erstattast med dans? Fokuset i dette prosjektet var dansefilm og resultatet vart den største dansefilmproduksjonen med utgangspunkt i folkedans nokon sinne. Heile fem kortfilmar vart spelt inn i løpet av fire dagar i januar 2014. Filmane hadde premiere 20. mars 2014, og er publisert både på vimeo og youtube.

Med i prosjektet var talent frå heile landet: Dina Bruun, Tone Ingvaldsen, Julie Barsøe Larsen, Mathilde Øverland, Anita Langødegard, Simon Hesselberg Løvald, Knut Bergan Nedregård, Sigrid Vaskinn, Raphael Audebert, Lina Rebekka Kobberstad og Ingeborg Hollekim Bringslid (nokre av dei gjekk ut med skade i løpet av prosjektet).

Dans og demokrati

Dans og demokrati var eit koreografiprojekt der ungdomar fekk arbeida med folkedans og demokrati. Ut frå prosjektet fekk ein nyskapande koreografar og engasjement rundt kva demokrati kan vera i dans. I prosjektet var det med tre lag, BUL Bergen, Leknes og Volda frilynde ungdomslag/ BUL Molde. Prosjektet vart organisert gjennom lokale øvingar, med muskar og koreograf, og vart vist fram under Folkedansfestivalen i Ørsta.

3 Informasjonsarbeid og interessepolitikk

Informasjonsarbeid

Noregs Ungdomslag sine viktigaste informasjonskanalar er medlemsbladet Ungdom, nettsidene ungdomslag.no, sommarleiren.no, folkedansfestivalen.no, teaterfestivalen.no, samt elektroniske lagssendingar og brosjyrar om sentrale tilskipingar.

Noregs Ungdomslag har nytta seg av fleire ulike sosiale media. Saker frå nettsidene blir lagt ut på facebook.com, i tillegg til andre oppdateringar, bilete frå arrangement og informasjon til tilhengarane. Fleire av tilskipingane i NU har hatt egne facebooksider der ein kan føre dialog med medlemmar og kome med meir spissa informasjon. Arbeidet med å formidle dokumentasjon av aktiviteten gjennom å leggje ut bilete på Flickr.com har halde fram i 2014. NU nyttar seg òg av mikrobloggerløysinga twitter.com. Videoar som vert produsert vert lagt ut eigen kanal på vimeo.com. I tillegg er det i 2014 oppretta eigen konto på instagram.com.

Medlemsbladet Ungdom har hatt eit opplag på opptil 6.700 eksemplar per utgåve, og kom ut med fire utgåver i 2014. Opplagstalet varierer noko etter kor mange medlemmer laga har registrert i medlemsregisteret. Det er arbeid vidare med å utvikle bladet, særleg med utvalet av saker. Fleire medlemmer, lokallag og tillitsvalde har levert bidrag til medlemsbladet. Elektroniske utgåver har vorte lagt ut på issuu.com/noregsungdomslag

Samarbeidet med Norsk Barneblad har halde fram, der alle barnemedlemmer i NU får tilsendt Norsk Barneblad fire gongar i året, i staden for å få tilsendt medlemsbladet Ungdom. I bladet er fire sider sett av til våre nyheiter og saker. Samarbeidet med barnebladet og redaktør Nana Rise-Lynum har også i 2014 vore godt. Opplagstalet varierer med kor mange barnemedlemmer som til ei kvar tid er innmeldt, men ligg rundt 2000.

Interessepolitikk

I 2014 har styret særleg vore oppteken av saka om momskompensasjon til frivillige organisasjonar, der ei konkret utfordring for NU er at laga må få frådrag for momskostnader for om/påbygging av ungdomshusa. NU har hatt mykje kontakt med spesielt Senterpartiet om denne saka, noko som førte til at fire representantar frå dette partiet i april leverte eit representantforslag om betring av rammevilkår for organisasjonseigde kulturbygg (dokument 8:51 S). Det blei komitéhøyring om saka, før Stortinget handsama innstillinga frå komiteen 13. november. Saka fekk ikkje fleirtal i Stortinget, men arbeidet fortsett vidare.

NU samarbeider tett med andre organisasjonar på feltet om interessepolitikk og dreg i lag med andre organisasjonar der vi kan. Noregs Ungdomslag har vore representert på møte i både Frivillighet Norge, Vaksenopplæringsforbundet og andre organisasjonar som arbeider for viktige interessepolitiske saker for ungdomslaga. Vi har og konstruktivt samarbeid med andre einskildorganisasjonar på utvalde felt.

Medieoppslag

Lokallaga har hatt godt med oppslag i lokalavisene i året som gjekk. Fleire kulturprisar, både frå kommune og fylkeskommune, har vorte utdelt til sentrale personar i ungdomslaga.

Det blei sendt ut fleire pressemeldingar i samband med representantforslaget om betring av rammevilkår for organisasjonseigde kulturbygg (dokument 8:51 S), der det vart arbeid å få pressdekning både lokalt og regionalt. Mellom anna fekk Mjeldalen UL oppslag i Bygdanytt, og NU og Senterpartiet fekk eit felles oppslag i Nationen, der nettopp Mjeldalen vart brukt som døme på korleis regelverket slår ut.

4 Medlemer, lokallag og fylkeslag

Dokumentasjon av aktivitet og medlemstal i lokallaga er eit særskild viktig arbeid. Tala dannar grunnlaget for tilskot til drift, kurs og tiltak initiert av sentralledet både til barne- og ungdomsarbeid frå Barne- og Likestillingsdepartementet og for teaterarbeid frå Kulturdepartementet gjennom Norsk teaterråd. Tal medlemslag og medlemmer avgjer også kor mykje NU får til fordeling av frifondmidlar. Laga sine årsrapportar dannar grunnlag for denne statistikken.

Aktiviteten og tilboda er ulike frå lag til lag. Folkedans, teater, diskotek og barne- og ungdomsklubb er dei største aktivitetane i laga. 180 av laga har eige hus og 65 av laga eig part i eit hus. Medlemmene legg kvart år ned fleire hundre årsverk i dugnadarbeid.

Fylkeslaga

Ved utgangen av 2014 var 22 fylkeslag tilknytt Noregs Ungdomslag, men to av desse har det ikkje vore aktivitet i. NU sitt årsmøte vedtok i 2009 eit sett minimumsoppgåver for fylkeslaga, for å definere meir deira rolle i organisasjonen:

- Gjennomføre eige årsmøte
- Delta på NU sitt landsmøte og landsrådsmøte
- Sende årsrapport til NU, samt årsmelding og rekneskap for fylkeslaget, innan fastsette fristar.
- Melde inn kontingentsats til NU, innan fastsette fristar.
- Andre oppgåver som til ei kvar tid følgjer av lova til NU.

Trass i dette vedtaket, er det ikkje alle fylkeslag som møter på landsmøtet og landsrådsmøtet, slik dei er pålagt å gjere. Dei fleste sender årsrapport.

Lokallaga

Ved utgangen av 2014 var det 357 registrerte aktive lag i organisasjonen. I tillegg er det registrert 70 lag med status inaktiv.

Øvre Bø UL og UL Heimdal gjorde 2. gongs vedtak om utmelding i 2014. Bjordal UL og Malvik folkedanslag er lagt ned i løpet av 2014.

Medlemene

Det er totalt 12.969 personer som er registrert som medlemmer i Noregs Ungdomslag i 2014, pr 5.3.2015.

→ Dette er ein nedgang på 195 medlemmer frå 2014.

Av det totale medlemstalet var 5.070 medlemmer under 26 år.

→ Dette er ein auka på 28 medlemmer frå 2014

Utvikling samla medlemstal dei siste fem åra:

	2010	* 2011	2012	2013	2014
Under 26 år	6.246	5.215	5.143	5.042	5.070
Over 26 år	10.516	8.928	8.407	8.122	7.899
Sum	16.762	14.143	13.550	13.164	12.969

** Innføring av nytt medlemsregister i 2011, medførte m.a. ein ny måte å registrere medlemmer på. I det gamle systemet vart personar ståande som medlemmer til dei vart sletta. I det nye systemet må derimot medlemmene fornyast aktivt kvart år. Dette gjorde at det vart ein nedgang i talet registrerte medlemmer frå 2010 til 2011, sjølv om det faktiske medlemstalet sannsynlegvis ikkje gjekk ned noko vesentleg.*

Tal lag og medlemmer per 31.12.2014 fordelt etter fylkeslag

(opplysninger henta frå Hypersys 5.3.2015):

Fylkeslag	Tal lokallag		Tal medlemmer		
	Inaktive	Aktive	0-25	25-95	Totalt
Aust-Agder Ungdomslag	1	13	305	434	739
Bygdelagssamskipnaden	0	18	475	815	1290
Eidsiva Fylkeslag	0	3	34	122	156
Finnmark Ungdomslag	0	2	0	13	13
Fylkeslaget Varden	0	6	6	80	86
Hordaland Ungdomslag	17	48	660	1.111	1.771
Hålogaland Ungdomslag	0	10	93	165	258
Inntrøndelag USL	6	21	279	296	575
Naumdøla Ungdomslag	4	10	129	103	232
Nordland Ungdomsfylking	3	11	111	317	428
Nordmøre Ungdomslag	2	14	278	372	650
Oppland Ungdomslag	2	12	61	142	203
Rogaland Ungdomslag	1	14	183	477	660
Romsdal Ungdomssamlag	1	11	138	245	383
Sogn og Fjordane UL	10	40	591	653	1.244
Sunnmøre Frilynde USL	3	30	498	454	952
Sør-Trøndelag UL	1	10	232	179	411
Telemark Ungdomslag	4	11	175	252	427
Troms Ungdomsfylking	2	18	316	510	826
Valdres Ungdomslag	4	5	62	85	147
Vest-Agder Ungdomslag	2	20	302	614	916
Østerdal Ungdomslag	2	4	13	93	106
Direkteinnmeldte lag	5	19	124	359	483
Direkte-medlemmer	-	-	5	8	13
Totalt	70	350	5.070	7.899	12.969

Utvikling i medlemstalet 2012-2014 fordelt etter fylkeslag

(opplysninger henta frå Hypersys 5.3.2015):

Fylkeslag	Medlemstal			Endring	
	2012	2013	2014	2013-14	13-14 %
Aust-Agder Ungdomslag	642	650	739	89	13,7%
Bygdelagssamskipnaden	1.279	1.364	1290	-74	-10,1%
Eidsiva Fylkeslag	177	153	156	3	1,2%
Finnmark Ungdomslag	47	29	13	-16	-55,2%
Fylkeslaget Varden	93	78	86	8	10,3%
Hordaland Ungdomslag	1.906	1.753	1771	18	1,0%
Hålogaland Ungdomslag	364	272	258	-14	-5,1%
Inntrøndelag USL	641	710	575	-135	-19,0%
Naumdøla Ungdomslag	285	302	232	-70	-23,2%
Nordland Ungdomsfylking	444	413	428	15	3,6%
Nordmøre Ungdomslag	629	664	650	-14	-2,1%
Oppland Ungdomslag	199	209	203	-6	-2,9%
Rogaland Ungdomslag	780	684	660	-24	-3,5%
Romsdal Ungdomssamlag	378	321	383	62	19,3%
Sogn og Fjordane UL	1.229	1.220	1244	24	2,0%
Sunnmøre Frilynde USL	1.048	951	952	1	0,1%
Sør-Trøndelag UL	409	391	411	20	5,1%
Telemark Ungdomslag	420	414	427	13	3,1%
Troms Ungdomsfylking	851	871	826	-45	-5,2%
Valdres Ungdomslag	178	148	147	-1	-0,7%
Vest-Agder Ungdomslag	835	902	916	14	1,6%
Østerdal Ungdomslag	115	115	106	-9	-7,2%
Direkteinnmeldte lag	589	534	483	-51	-19,6%
Direkte-medlemmer			13	-3	18,8%
Totalt	13.550	13.164	12.969	-195	-1,48%

5 Ungdomshus og lagsbruk

Mange av lokal- og fylkeslaga i NU eig eller har part i lagshus, og nokre av laga driv også forretningsverksemd. Husa og delar av inventaret er av stor kulturell verdi, både for lokalsamfunna og for organisasjonen.

Ungdomshusa

Hausten 2013 vedtok styret å opprette ei eiga prosjektstilling tilsvarande 6 månadsverk for å arbeide med ungdomshusa i NU. Jon Låte vart tilsett i stillinga, men stillingsressursen vart fordelt på fleire månader, slik at han arbeidd ei NU i perioden 1.11.2013-31.12.2014. Gjennom denne stillinga har NU fått kartlagt dei fleste ungdomshusa i NU, med mål om å presentere desse i ei nasjonal husdatabase. Saman med dei tekniske detaljane om husa, ønskjer ein også å synleggjere husa ved hjelp av bilete som er innsamla av tidlegare Norske lagsbruk/kulturbygg. Som ein del av kartlegginga, har styret også fått tilbakemeldingar frå huseigarlaga på kva framtidige tenester ein ønskjer å få frå NU. Målet til styret er at ein på sikt får finansiering til å opprette ei fast husstilling.

24.-25. oktober vart det arrangert eit eige husseminar i Oslo, i samarbeid med BUL Oslo/Nynorskens hus. Seminaret var todelt, der fredagen var sett av til ein fagleg del, og laurdagen var ein meir praktisk del. Omlag 25 personar deltok på seminaret. Dette var representantar frå både ungdomslag og fylkeskommunar. I tillegg medverka 10 ekstra personar som innleiarar og/eller tilretteleggarar. Seminaret vart godt tatt i mot. Det bør ha potensiale for å få endå fleire deltakarar, men deltakinga var likevel ikkje dårleg med tanke på at dette er første gong NU arrangerer eit slikt seminar. Styret vurderer å gjere dette seminaret til eit årleg arrangement.

Lagsbruk

Etter at Norske kulturbygg vart lagt ned i 2012, fekk NU overført ansvaret for å administrere eit dokumentasjonsprosjekt om lagsbruksdrifta i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Eit forprosjekt, finansiert av Norsk kulturråd, vart avslutta i januar 2014, og ein har søkt å få ekstern finansiering til eit hovudprosjekt med å gje ut ei bok om lagsbruka. Ein har ikkje lukkast med å få ekstern finansiering, og styret har difor lagt opp til at prosjektet startar i 2015, finansierte av midlar som NU har arva frå Kåre Kolås.

Lagsfaner

Arbeidet med å dokumentere faner og banner brukt i ungdomslagsrørsla blei slutført i 2014, og boka "Faner i den frilynde ungdomsrørsla" blei lansert 24. oktober, i framkant av husseminaret.

Asbjørn Thomassen var forfattar for boka, men rakk ikkje sjå denne ferdig før han døydde hausten 2013. Liv Marit Idsø vart engasjert som redaktør rett før Asbjørn døydde, og ho slutførte manuset, i tillegg til at ho har skrivne egne artiklar i boka. Marit Heggenhougen var grafisk formgjevar. Boka vart gitt ut i samarbeid med Bokbyen forlag i Tvedestrand.

Boka vart trykt opp i 1000 eksemplar, og ved årsskiftet er restlageret på vel 500 bøker.

Fleire lag og privatpersonar fortener takk for all innsats under dokumentasjonsperioden for prosjektet. Styret er óg takknemleg for all økonomisk støtte til boka, i innspurten av produksjonen. Fylkeslaga i NU har bidrege med om lag 100.000 kroner til bokproduksjonen.

6 Opplæringsarbeidet

Studieforbundet kultur og tradisjon

Studieforbundet kultur og tradisjon er ungdomslaga sitt studieforbund. I tillegg til å legge til rette for og formidle støtte til opplæring i organisasjonen, er studieforbundet ein pådrivar for utviklingsarbeid innanfor fleire fagfelt, og driv høgare utdanning og interessepolitisk arbeid innanfor feltet opplæring i frivillige organisasjonar.

Det blei gjennomført 555 kurs med 17.012 studietimar i Noregs Ungdomslag i 2014, noko som medførte at laga fekk tildelt totalt kr. 1.329.649. Dette er ein nedgang på 2.363 timar og 57 kurs frå 2013. Det samla tilskotet er redusert med kr 174.245 i høve til 2013.

Bunadsopplæringa

Bunadsopplæringa som er eit samarbeid mellom Studieforbundet kultur og tradisjon, Norges Husflidslag og Noregs Ungdomslag, starta hausten 2007. I 2014 sat Ellen Runderheim i styringsgruppa for opplæringa for NU.

Norsk folkeleg dans

Vidareutdanningskurset Norsk folkeleg dans er eit samarbeid mellom NTNU VIDERE, Studieforbundet kultur og tradisjon og NU. Dette kurset er for deltakarar som vil arbeide med dansekvalitet i den folkelege dansen. NU har hatt ansvaret for deladministrering av dette studiet i 2014/2015 og har hovudansvar for praktisk gjennomføring på dei fire samlingane. Nytt av studieåret 2014/2015 er at samlingane har vorte lagt til Oslo, i tillegg er studiet tilbake med 15 studiepoeng. Til saman 15 deltakarar fylgjer studiet i 2014/2015, noko som er eit oppsving i deltakartal.

Tilskot til opplæringsaktivitet gjennom Studieforbundet i 2014

Fylkeslag	Kurs	Deltakarar	Kurstimar	Tilskot
Aust-Agder Ungdomslag	28	284	766	54595
Bygdelagssamskipnaden	34	535	885	74552
Eidsiva Fylkeslag	15	110	410	28845
Finnmark Ungdomslag	8	63	250	21170
Fylkeslaget Varden	7	109	124	10.370
Hordaland Ungdomslag	82	779	2.302	182.195
Hålogaland Ungdomslag	5	56	168	9.588
Inntrøndelag Ungdomssamlag	34	210	1.453	114.246
Naumdøla Ungdomslag	11	59	380	26.250
Nordland Ungdomsfylking	37	330	785	60.140
Nordmøre Ungdomslag	32	200	1.135	91.875
Oppland Ungdomslag	11	103	360	22.980
Rogaland Ungdomslag	26	202	789	64.305
Romsdal Ungdomssamlag	18	128	495	40.345
Sogn og Fjordane Ungdomslag	45	440	1.335	107.555
Sunnmøre Frilynte Ungdomssamlag	20	209	926	65.117
Sør-Trøndelag Ungdomslag	20	144	1.296	108.874
Telemark Ungdomslag	16	236	452	38.335
Troms Ungdomsfylking	49	311	1.336	98.775
Valdres Ungdomslag	3	22	161	7.325
Vest-Agder Ungdomslag	14	145	344	29.155
Østerdal Ungdomslag	2	26	88	7.480
Laga i Buskerud	3	55	115	9.775
Laga i Vestfold	29	367	566	48.067
Noregs Ungdomslag sentralt	6	39	91	7.735
SUM	555	5.162	17.012	1.329.649

7 Tilskot og økonomi

Noregs Ungdomslag har ein samansett økonomi, finansiert av medlemskontingent, ulike deltakaravgifter, og offentlege drifts- og prosjektmidlar. NU forvaltar Frifondmidlar som laga kan søkje på, og søker også om momskompensasjonsmidlar på vegne av lokal- og fylkeslaga. Organisasjonen er godkjend som mottakar av skattefrie gaver.

Driftstilskot

Generelt driftstilskot

Noregs Ungdomslag mottok eit generelt statstilskot over Kulturdepartementet sitt budsjett, der føremålet er å støtte arbeidet vårt med å skape engasjement og levande lokalmiljø. I 2014 mottok NU kr 1.022.000. Dette er ein auke på kr 35.000 i høve til året før, tilsvarende indeksregulering.

Barne- og ungdomsarbeid

Noregs Ungdomslag mottok i 2014 kr. 1.149.829 i tilskot frå Barne- og likestillingsdepartementet til barne- og ungdomsarbeidet. Dette er ein reduksjon på kr 23.799 i høve til 2013. Tilskotet er utrekna etter tal medlemmer under 26 år og tal lokallag med minst 5 medlemmer under 26 år.

Teaterarbeid

Noregs Ungdomslag får statsstønad til teaterarbeidet gjennom paraplyen Norsk teaterråd. I 2014 fekk NU tildelt kr 680.000, ei auke på kr 23.000 i høve til 2013. Statsstønaden vert tildelt m.a. på bakgrunn av den lokale aktiviteten. Arbeidet med å hente inn informasjon frå laga våre er viktig for å sikre nivået på stønaden.

Kompetansehevingstilskot

NU fekk i 2014 tildelt kr 165.760 frå Studieforbundet kultur og tradisjon til kompetanseheving, ei auke på kr 4.760 frå 2013. Tilskotet er utrekna etter totalt studietimetall i organisasjonen.

Prosjekttilskot

Mykje av arbeidet er finansiert heilt eller delvis av prosjektmidlar og eksterne tilskot. Kvart år sender vi søknader til ulike instansar for å finansiere aktivitet og prosjekt innanfor ulike fagområde.

Oversyn over prosjektmidlar og andre tilskot til Noregs Ungdomslag, 2014:

Frå	Føremål	Tilskot
Norsk kulturråd	Folkedansfestivalen	100.000
Møre og Romsdal fylkeskommune	Folkedansfestivalen	50.000
Rådet for folkemusikk og folkedans	Folkedanskurs under sommarleiren	6.000
Rådet for folkemusikk og folkedans	Folkemusikkurs under sommarleiren	6.000
Rådet for folkemusikk og folkedans	Kurs i barneinstruksjon under folkedansfestivalen	5.000
LNU	Dans og demokrati	200.000
Ekstrastiftelsen	Adm. av Mjeldalen UL	30.900
Bergesenstiftelsen	Huseminaret	25.000
Nordmøre UL	Tilskot til faneboka	8.000
Eidsiva fylkeslag	Tilskot til faneboka	8.000
Sunnmøre fril. USL	Tilskot til faneboka	5.000
Telemark UL	Tilskot til faneboka	3.000
Aust-Agder UL	Tilskot til faneboka	10.000
Fylkeslaget Varden	Tilskot til faneboka	15.000
Sør-Trøndelag Ungdomslag	Tilskot til faneboka	15.000
Troms Ungdomsfylking	Tilskot til faneboka	5.000
Vest-Agder Ungdomslag	Tilskot til faneboka	10.500
Bygdelagssamskipnaden	Tilskot til faneboka	20.000
Haugesund mållag og ungdomslag	Tilskot til faneboka	25.000
Sum		547.400

Tilskot til laga utbetalt av sentralledet

Momskompensasjon

Noregs Ungdomslag får som ein av mange frivillige momskompensasjon gjennom Lotteri- og stiftelsestilsynet. Noregs Ungdomslag søker om kompensasjon etter såkalla forenkla modell. Det blir søkt om kompensasjon på vegne av alle lokal- og fylkeslag, og NU får eit tilsagn som skal fordelast vidare mellom dei laga som har sendt inn søknad.

NU fekk tildelt i alt kr 3.483.650 i momskompensasjon for grunnlagsåret 2013. Dette var ei auke på kr. 660.368 frå året før. Kr 3.029.734 av dette blei fordelt til lokal- og fylkeslag som hadde sendt inn krav. Dette var ei auke på Kr 775.080 frå året før. Avkortinga vart på 17%, året før var det ei avkorting på 30,12%. Det resterande beløpet gjekk til å dekke sentralledet sine momsutgifter, inkludert 1% av det samla tilsagnet, som gjekk til administrasjon av ordninga.

Frifond

Frifond er ei støtteordning, i hovudsak finansiert av overskotet frå Norsk Tipping, som skal betre dei økonomiske rammetilhøva for demokratisk og medlemsbasert aktivitet i lokale og frivillige organisasjonar. Støtta går til kulturaktivitet for barn og unge under 26 år.

Organisasjonane får frifondmidlar basert på tal lag med minst 5 medlemmer under 26 år og tal medlemmer under 26 år i desse laga. Noregs Ungdomslag fekk i 2014 tildelt kr. 1.825.578 i Frifondmidlar. Dette var kr. 103.112 mindre enn året før. Av desse midlane har sentralledet nytta 5 % til administrasjon av ordninga. I tillegg stod det att ein rest på kr 19.543 frå 2013, til utdeling.

Tilskotet har blitt tildelt til laga med eit fast grunntilskot på kr 4.000 og eit variabelt tilskot utrekna etter tal medlemmer under 26 år. Laga kunne i tillegg søkje om prosjektilskot til teateraktivitet for barn og unge. Lag som hadde færre enn 5 medlemmer under 26 år kunne søkje om oppstartstøtte på kr 4.000.

I 2014 var det 132 lag som søkte og fekk tildelt ordinært frifondtilskot, og 2 lag som søkte og fekk tildelt oppstartstilskot. Til samanlikning var det tilsaman 154 lag som fekk frifondtilskot i 2013.

Laga må dokumentere at dei har medlemmer under 26 år og dei må ha sendt inn årsrapport for føregående år for å få tildelt Frifondmidlar.

Oversyn over fordelte Frifondmidlar 2014

Fylke	Tilskot	Tal lag
Finmark	0	0
Troms	110.548	7
Nordland	61.157	5
Nord-Trøndelag	156.553	10
Sør-Trøndelag	87.353	6
Møre og Romsdal	398.889	33
Sogn og Fjordane	218.811	17
Hordaland	226.986	27
Rogaland	73.903	5
Vest-Agder	100.326	8
Aust-Agder	99.692	7
Telemark	61.764	5
Vestfold	0	0
Buskerud	35.906	4
Oppland	52.080	4
Hedmark	8.842	1
Oslo	14.491	1
Akershus	22.326	2
Østfold	13.146	1
Sum	1.742.773	143

8 Styringsstrukturen

Landsmøtet

Landsmøtet blei halde på Soria Moria hotell og konferansesenter, Oslo, 4. – 6. april. Det deltok 92 utsendingar med røysterett på landsmøtet, inkludert styret. I tillegg deltok fire frå administrasjonen. Ein hadde helsingar frå Studieforbundet kultur og tradisjon, LNU, Norsk teaterråd, FolkOrg, Rådet for folkemusikk og folkedans og Nordlek.

Styreleiar Endre Kleiveland opna landsmøtet med minneord om heidersmedlem Asbjørn Thomassen. Landsmøtet heldt eitt minuttss stille til minne om Asbjørn.

Stortingets 1. visepresident Marit Nybak heldt landsmøtetalen.

Desse sakene blei handsama i tillegg til ordinære landsmøtesaker:

- Langtidsplan 2014-2018
- Arbeidsplan 2014-2016
- Endringar i lova til Noregs Ungdomslag (§ 4-7)

Følgjande fråsegner blei vedteke av landsmøtet:

- Kronerulling i bygda for å betale moms
- Grunnlova i moderne språkdrakt

Utsendingar fylkesvis

<i>Fylkeslag</i>	<i>Tal</i>
Aust-Agder Ungdomslag	8
Bygdelagssamskipnaden	6
Eidsiva Fylkeslag	4
Finnmark Ungdomslag	0
Fylkeslaget Varden	4
Hordaland Ungdomslag	7
Hålogaland Ungdomslag	0
Inntrøndelag Ungdomssamlag	4
Naumdøla Ungdomslag	1
Nordland Ungdomsfylking	7
Nordmøre Ungdomslag	0
